

Sogningen, 11.07, 15.07.1922

Anders Skåshiem:

Millom sogningar i Hamarfest

(...)

Den sogning som er best kjend i Finnmark [pr. 1922] er truleg stortingsmann Johannes Gjetmundsen, Leirbotn i Talvik.

Talvik er eldste norske bygd i Finnmark. Det er lett skynleg at dei fyrste sogningar som kom hertil hev buset seg der. Det er ei fager bygd i Vest-Finnmark på b e sider av Altafjorden.

Johs. Gjetmundsen er f dd 1860, p  husmannsplassen Lindeflaten, i Ytre kroken, som d  h yrde Munthe til.

Faren [Jetmund Guttormsen] var fr  Ormberg i Jostedal. I 1861 kj pte han garden Nordmannsgamma i Leirbotn. Besteforeldri og heile huslyden skulle dertil. Men i 1867 selde faren garden att, for til Sogn og tok sin gamle bustad paa Lindefloten, der han budde til 1872.

I Sogn gjekk Gjetmundsen paa skule hj  l rar Mons Johannesen Haugen. Det var omgangsskule som for det meste vart halden i Kroken. Haugen var streng; men ein god l rar og vel umtykt av borni. D  foreldri flutte til Leirbotn att, gjekk han paa skule der til 1876 og var vinteren etter p  fylkesskule i Alta. Syskini hans hev vore g verike og havt lukka med seg. Per Gjetmundsen er skogfut i Kv nangen Ole er skogtilsynsmann i Leirbotn. Martha er gift med gardmann Cristen i Tysfjord. Kristian er smed i L kken verk i  stdalen. Det er soleis ei sterk og no vidgreina  tt som hev havt sin utgangsstad fr  Lindefloten i Kroken.

Johs. Gjetmundsen hev drivet gardstell og fiske. Han hev fare vida, vore i Nordnesland [?] og p  Svalbard. Men han slutta   driva fisket 1912, d  han vart vald til stortingsmann for vinstre. No driv han gard og er heradskassastyrar. I Talvik hev han hav mange tillitsyrke: form. i skulestyre, form. i fattigstyre, underlensmann og ymse anna. Han hev og vore nytta som l rar-vikar.

D  han var p  stortinget, fekk han 1891 brev fr  Marte Bolstad i Skjolden um   vitja skyldfolket sitt der. Han tok d  ei ferd til Sogn og helsa p  gamle kjenningar og  ttfolk i Luster, Urnes, Solvorn og Aurland. Serleg tala han med sin gamle skulekamerat Nils Olson Loi p  Urnes.

Gjetmundsen hev bede meg helsa til Sogn til alle kjenningar og  ttfolk der. Serleg bad han meg helsa den gamle l raren Mons Haugen.

Det var gildt for Gjetmundsen   koma til Sogn att og vera p  gamle, kjende stader og tala med gamle vener. Serleg tala han um barneminni og den gamle kyrkja p  Urnes.

Denne kyrkja hev stade som ein heilag m testad i hundratal av  r, og gjeve folket sine beste og dyraste minne. So er det og for Gjetmundsen. Til denne stad knyter seg nokre av hans beste minne. Elles kunde han ikkje trivast i Sogn no. Han tykte det var so h gfeltt og ulendt at han fekk ikkje sova der. Han hugsa tilbake til Finnmark. Han segjer: Finnmark er eit godt land. Men det er for lite kjennt. Det var gildt   m ta ein sogning som heller ville bu i Finnmark enn heime i Sogn.

Gjetmundsen hadde tidleg l rehug. Som liten gut l nte han b ker av fr ken Bolette Munthe i Kroken. Den l rdom han fekk ved det hev seinare vore honom til nytte. D  han var p  stortinget tala han ofte med henne. Ho tykte det var gildt at husmannsguten fr  Lindefloten var vorten stortingsmann fr  Finnmark og at det han hadde lese p  Kroken hadde fenge s  god verknad. Dette

er eit av dei mange gode døme på embetsmanns-heimar hev havt ein stor og gagnleg umverknad på folket. Mange er dei trådar som i Sogn fører tilbake til det gamle herresetet i Kroken.

Som stortingsmann arbeidde Gjetmundsen for betre samferdsla og til å letta vilkåri for folk til å kjøpa jord av staten. Gjetmundsen hev vore med og sådd kjærleik til jordi i Finnmark. Seint gjeng det vel med voksteren. Men det er eit arbeid som eig signing og framtidsvon.

I samanlikning millom Sogn og Finnmark segjer han at folk hev det like godt her [i Finnmark] som der [i Sogn]. Skulestellet her er i mange måtar betre skipa enn skulen der sud. Som stortingsmann hadde han tidt reist kjæremål [klagemål] mot stortingsmenn frå Vestlandet for det skulestell dei endå let seg lita med i ymse bygder der.

Gjetmundsen hev vore totalist i 30 år. Men no trur han ikkje at landsforbod fører mot målet.

Det hev vore vande [tronge] økonomiske kår i Finnmark i det siste. Livsens strid hev sett sitt merke på mange. Og Gjetmundsen hev ikkje gjenge fri. Men det er å vona at hans store arbeidsvilje held honom uppe. Han hev havt gåverike born. Sonen Johs. Gjetmundsen hev vore underlensmann i Kautokeino og er no fullmgt. hjå byfuten i Hamarfest.

(...)